

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand skule (barnehagen), 9. januar 2013, kl 19.00 – 21.00.

Til stades: Sidsel Haugen, Kaia Gulbrandsen, Gerd Ingeborg Haugen, Sigmund Eiken, Britt Heidi Selsvik, Paul Killingberg, Ole-Gisle Vassel.

Sak 1, Godkjenning av referat og møteinnkalling.

Ingen merknad til referat etter styremøte 05.12.12.

Ingen merknad til møteinnkalling.

Sak 2, Årsplan 2013.

Leiar sitt framlegg til årsplan vart vedteken.

Sak 3, Herand familiebarnehage, økonomirapportering.

Kasserar la fram rekneskapsrapport for desember. Rapporten syner at rekneskapan pr 31.12.12 ligg innanfor vedteken budsjettamma.

Leiar hadde møtt på personalmøte i barnehagen og orienterte styret kort om drifta.

Sak 4, Utleige av kontorlokale på skulen.

Styret ynskjer å kartleggje eventuelt behov for møte-/kontor- og lagerlokale hos ulike lag i bygda. Styret ser for seg at "retterommet" ved sida av lærarrommet kan innreist etter ulike behov med m.a. bord, benker, hyller, skap, arkiv og liknande.

Saka vert lufta i møte med lag og organisasjonar i bygda 10. mars.

Sak 5, Herand Bygdeblad.

Nytt nummer av bladet skal etter planen ut i begynnelsen av februar. Kaia orienterte frå redaksjonen og opplyser at bladet vert klart som annonsert, sjølv om det er kort tid sidan siste nummer i 2012 vart utgjeve.

Sak 6, Eventuelt.

Ingen saker under eventuelt.

Ole-Gisle Vassel/skrivar.